

Grunneigarar gnr 28 bnr 5, 8, 11, 14, 15, 41

Remi Andre Volldal Loven

Lars Loven

Låvi 29 juni 2026

NVE

Energi- og konsesjonsavdelingen

Postboks 5091 Majorstua

0301 Oslo

Høyringsuttale 202525845 konsesjonsak Låvi kraftverk

Grunneigarar av gnr 28 bnr 5, 8, 11, 14, 15, 41 er truleg dei som vert mest berørt av planlagt bygging av Låvi kraftverk. Me ynskjer difor i felleskap komme med høyringsuttale i konsesjonssaka.

Minnelege forhandlingar og ekspropriasjon

Utgangspunktet for oss som grunneigarar er at me har ei positiv innstilling til utbygging av Låvi kraftverk. Det er svært viktig for oss at alle avtalar blir inngått minneleg med Hafslund og at ein unngår unødige ekspropriasjonsprosessar.

Vi legg til grunn at det blir sett som føresetnad ved eit eventuelt ekspropriasjons- og konsesjonsløyve at Hafslund Kraft AS skal gjere naudsynt arbeid for å oppnå minneleg løysing med råka grunneigarar i saka. Som grunneigarar forventar me då at denne dialogen blir konstruktiv, og at forhandlingane kan ta omsyn til begge partars interesser og behov.

Låvishagane

Ved adkomst og inntak for planlagt kraftverk gnr 28 bnr 8 og 11 planlegg ein opparbeiding av næringsareal. Ein ynskjer at steinmassar fra bygging av kraftverk kan nyttast til dette. Det er sett fram innspel til Aurland kommune om utvikling av dette arealet til næringsføremål i kommuneplanens arealdel. Samtidig er det også igangsett arbeid med reguleringsplan for området. Det vil vere naturleg at Hafslund nyttar dette området til rigg og drift under bygging av Låvi kraftverk, og deler av område er definert som R5 og R6 i «Vedlegg 3 Kart over riggområder». Det er og nevnt som aktuelt område for portalbygg i «Vedlegg 7 liste over berørte eigedomar».

Alle eigedomane i området må bli klargjort for mogeleg tilkopling av straum, vatn og avløp når Hafslund har ført dette fram til riggområda og framtidig portalbygg.

Sikring av areal mot sørpeskred ved å bygge rasvoll med steinmassar fra tunneldrift.

Deler av gnr 28 bnr 8, 11 og 14, samt fleire eigedomar i området, er definert som utsett for sørpeskred. Rasvoll i vestre del av tipp Låvi 1, vil truleg vere god sikring for desse eigedomane. Nevnt i «Vedlegg 14 Skredfarevurdering». Som grunneigarar set me dette som eit krav for at Hafslund skal få nytte området.

ATV-veg

I vestleg retning fra tipp Låvi 1 ynskjer me å fått bygd ein ATV veg forbi Geithellergrovi for lettare framtidig tilgang til skog og beiteområde. Kanskje kan det gjerast i kombinasjon med rasvoll.

Tverrelvi

Tverrelvi har gjennom generasjonar vore ei frykta flaumelv ved snøsmelting kombinert med store nedbørsmengder. Dette har ført til at den bryt over elvekant og renn mot bebyggelse. Rundt 1980 vart det gjort tiltak i øvre del av elva med noko sikring i regi av NVE. Elva har etterpå ved fleire høve vore heilt i grenseland for at nye uønska hendingar skal skje. Som grunneigarar og dei som bur nærast eventuelt flaumområde, ønskjer me at det vert bygd elveforbygning på sør/aust side av elva i samband utfylling av tunnelstein. Dette for å hindre framtidige hendingar rundt husa våre.

Vatn fra elvi blir og nytta til kunstig vatning av landbrukseigedomane på Låvi i tørre år. Røyrer til framføring av vatnet må leggst ut under tippar og elveforbygning før oppfylling.

Overflatevatn og bekkar som ligg i tipp Låvi 2 over busetnad

I dette området renn det vatn heile året. I periodar med regn og snøsmelting fører dette til store mengder overflatevatn, spesielt rundt husa våre. Dette har ved fleire høve ført til skader både på hus og vegområder. Skal desse areala fyllast med tunnelstein fra kraftverket, må ein sikra bustader og anna areal ved å lede dette vatnet vekk fra området. Dette løyser ein ved å samle bekkar i ein kanal/røyrgate og lede dette i nordleg retning inn i Tverrelva. Oppsamling av vatn kan kanskje utførast i kombinasjon med rassikring på nedre del av framtidig tippområde.

Loven Vassverk – og tilkopling kommunalt vatn og avløp

Loven Vassverk er eit privat vassverk for alle som bur på sør/aust side av Tverrelvi. Vassbrønn ligg i øvre del av bnr 14. Siden dette område er planlagt utfyllt krev me at denne vert flytta ut av tippområde (oppover i terreng).

Beste alternativet for oss er at Hafslund fører fram og koblar til husa på Låvi til kommunalt vatn og avløp. Da unngår Hafslund og mogeleg framtidig vedlikehald av vassbrønn.

Låvisdalen

På tross av milevis med bygde tunnelar i Aurland er det svært liten tilgang på steinmassar som kan nyttast til ulike føremål. I Låvisdalen skal det lagrast nye store mengder tunnelstein. Som grunneigarar ynskjer me at noko av dette skal nyttast til framtidig uttak. I botn nedanfor dammen ville dette kunne gjerast uten at det forstyrrar og i liten grad viser å ha ein slik tipp. Det vil vere eit fint framtidig inntektsgrunnlag for grunneigarane å ha tilgang på slike massar, og siden me avstår store tippområder både no og ikkje minst i tidlegare kraftutbyggingar, meiner me dette må vere eit godt avbøtande tiltak.

Anleggsperiode

Det er viktig for oss som bur på Låvi at anleggsperioden kan utførast mest mogeleg skånsom i forhold til støy og støvplager. Me ynskjer at massetransport rundt busetnaden hovudsakleg skal føregå på dagtid, og innanfor føreseielege rammr.

Framtidig bruk av tippområder

Som grunneigar ynskjer me klare reglar for korleis framtidig bruk av tippområda skal vere. Begge våre eigedomar er nytta som tippområde ved bygging av Vangen kraftverk rundt 1980. Vår oppfatning som tidlegare eigarar av områda var at Hafslund overtok eigedsretten, men at grunneigarane skulle kunne nytte bruksretten til beite og ved produksjon. Etter stormen Amy i haust fekk me beskjed om at dette ikkje var korrekt. Det skal vere Hafslund som har rett til å ta ut skog og ikkje tidlegare grunneigarar. Gjeld dette og beiteretten i framtida? Kva med grunnlag for jakt terreng og størrelse på dette?

Desse tilhøva må avklarast, og ein må og ta føre seg tilhøva kring Vangen kraftverk.

Skal me avstå nye tippområder ynskjer me heilt klare reglar for korleis dette skal føregå. Antar at dette også vil påverke størrelse på erstatningar.

Gnr. 28 bnr. 5, 14 og 15

Remi Andre Volldal Loven

Gnr. 28 bnr. 8, 11,41

Lars Loven